

KONFIRMASJONGUDSTENESTER I MAI VERT UTSETT

TIL ALLE KONFIRMANTAR OG KONFIRMANTFORELDRE/FØRESETTE.

Det er no på tide å kome med oppdatert informasjon frå kyrkja i samband med Korona-utbrotet. Takk for at de er så tålmodige med oss! Det er ikkje lett å vite kva som er rett i desse dagane. Ting endrar seg fort! 16. mars kom det ei pressemelding om at alle konfirmasjonar i Noreg vert utsett. Dette var ei anbefaling frå kyrkerådet, og dette var oppe i bispemøtet i går. Difor har vi venta med å sende ut informasjon. På møtet i går blei det vedteke at alle konfirmasjonar i Bjørgvin skal utsettast til hausten. Det vil tidlegast bli mogleg med konfirmasjon 5. september. Etersom vi ikkje veit omfanget av dette virusutbrotet, er det vanskeleg for oss no å sette konkrete datoar for konfirmasjonsgudstenestene. Vi håpar at vi veit meir etter påske. Forhåpentlegvis vil vi då ha tid til å sende brev i posten med oppdatert informasjon. Alle vil få sms med datoane når dei er klare, for å sikre at alle får informasjonen samtidig.

Det er opna opp for å gjere unntak, så om det er nokon som har gode grunnar for å gjennomføre konfirmasjonen før hausten kjem, bed vi om at de tek kontakt. Så skal vi finne løysingar, sånn som vi gjer ved dåp og gravferd.

Så til nokre andre ting:

FASTEAKSJONEN

Vi kan ikkje gå frå dør til dør i år, men aksjonen er minst like viktig i år som elles. Tenk berre på korleis det ville vore om vi ikkje hadde reint vatn desse dagar! I år må vi gjere ein innsats digitalt. Vi jobbar no med å lage digitale innsamlingar. Når vi er klare med det, vil vi be dykk om hjelp til å spreie informasjonen. Det vert årets fasteaksjon. Vi vil og gje konfirmantane informasjon om fasteaksjonen som vi ynskjer at dei skal lese.

GUDSTENESTER

Vi veit ikkje kor lenge det går før vi igjen får opne kyrkjene våre for gudstenester. For dei av konfirmantane som manglar gudstester foreslår vi å høyre på radiogudsteneste, sjå gudsteneste på tv, eller følgje ei av dei som vert sendt på Facebook. Skriv i konfirmasjonsheftet dato, kva gudsteneste det er, og svar på spørsmåla så godt de kan.

HEIMESIDE, EPOST MM.

Vi er inne i ei tid med endring av heimeside. Vi ber om forståing for at den ikkje er heilt ferdig og oppdatert. Vi jobbar med saka. Følg gjerne Høyanger kyrkje på facebook og elles sender eg ut SMS til alle ved spesielt viktige ting.

Mange av oss på kyrkjekontoret har heimekontor desse dagane, men vi er tilgjengelege på telefon, epost og facebook. Spør om de lurar på noko! Vi svarar som best vi kan, men mykje er usikkert for oss som for alle andre.

Vi vil tilslutt oppmode dykk til å ta vare på kvarandre. Ikkje sit med tunge tankar åleine, men snakk med nokon om dei.

Med venleg helsing

Prostiprest og konfirmantprest Runar Matsui-Li

Runar: 48890086, Andreas 45221737

